

## Kunstgras i ballbingen i Korsnes??

14.09.2013



Ballbingen har vorte oppjustert etter dette bildet. Er det no tid for ei større oppgradering?

**Ballbingen i Korsnes har gjennom mange år vore eit svært vellukka aktivitetsanlegg! Mange har utvikla fotballdugleiken sin der. For knapt 10 år sidan vart bingen utvida og oppgradert, men banedekket har heile tida vore grus. Det ser ikkje ut til å dempa aktiviteten, men er det no likevel tid for å arbeide for å få kunstgrasdekke? Kanskje det må skje i samarbeid mellom idrettslaget og Korsnes Vel?**

I tilfelle dette skal skje må det hentast inn midlar utanfrå. Eg skriv i ei anna sak at det no er tid for å søkje Sparebankstiftinga om gåve. Eg er og blitt gjort kjent med at det no vert delt ut midlar til slike prosjekt gjennom Hordaland Fotballkrets. Gjennom Mohn-fondet skal det delast ut 10 millionar kroner til slike prosjekt. Kvant anlegg kan verta tildelt inntil 500.000 kroner står det å lese på Fotballkretsen si heimeside. De finn det ved å klikke [her](#).

Det vert sagt at det bør arbeidast raskt slik at søknaden kjem kjapt inn, for det vert visstnok delt ut midlar fortløpande.

Kanskje dette er ein mulighet for å få kunstgras? Kanskje det bør prøvast med søknad både til Sparebankstiftinga, Fotballkretsen og eventuelle andre? Det er i alle fall mange som set pris på aktiviteten i ballbingen i Korsnes.

Av: Thor Inge Døssland.